

AVTALE VERDIVURDERING VED UTTREDEN

mellom

Suldal kommune (SK)

og

Haugaland brann og redning iks (HBR)

Innhald

1. INNLEIING	3
2. AVTALEPARTAR.....	3
3. SELSKAPSAVTALE	4
4. ANLEGGSMIDLAR	4
5. BEMANNING, ORGANISERING OG KOMPETANSE	4
6. PENSJON	5
7. OVERGANGSORDNINGAR.....	5
8. UTLØYSINGSSUM.....	5
9. LOVVALG OG VERNETING.....	6
10. UNDERSKRIFT	6
11. VEDLEGG.....	6

1. INNLEIING

Denne avtale vert inngått mellom Suldal kommune (SK) og Haugaland brann og redning iks (HBR) i samband med SK sin uttreden av selskapet.

Formål med verdivurdering er å fastsetje utløysingssum ved SK sin uttreden av HBR.

Verdivurderinga er utarbeidd i samarbeid mellom HBR og SK med fortløpande dialog med partane sine revisjonsselskap. Vidare er denne avtale og verdivurdering vurdert juridisk av partane.

Følgjande prinsipp er lagt til grunn:

- Lov om interkommunale selskap § 30 som omhandlar rettar og plikter.
- Utrekningar av ikkje-tekniske verdiar (kompetanse) som SK gjekk inn med skal målast opp mot status i dag.
- Det er justert for tinginnskot i perioden 01.01.2016 til 31.12.2018 og kapitalinnskot ut frå selskapsavtale.
- SK sin andel av bundne fond skal vera ein del av vurderingsgrunnlaget.
- Endeleg dato for utrekningar av sum for uttreden vert sett til 31.05.2023

Partane har avtalefridom og vil med ovannemnde prinsipp inngå ein avtale som fråvik det som Lov om interkommunale selskap § 30 legg opp til.

Eventuell utløysingssum vert utbetalt til den uttredande deltakaren eller til HBR som selskap.

Følgjande kjelder er lagt til grunn i verdivurderinga:

- Revidert årsrekneskap per 31.05.23.
- Selskapsavtala for HBR iks.
- Lov om interkommunale selskap § 30.
- Kommunal rekneskapsstandard (KRS) nr. 13 (F)
- Sak 18/005 i representantskapet – tinginnskot, med følgjande vedlegg
 - Dok - 2017.12.15 - verdi ikkje-balanseført utstyr
 - Dok - 2017.12.15 - Oversikt balanseført utstyr i kommunane pr 31.07.2017

Verdi av naturaluttaket på utløysingstidspunktet er avgjerande for kva part som skal yte kontantoppgjær ved uttreden. Verdi av naturaluttaket og av selskapet sin verdi tar utgangspunkt i same metode og prinsipp som vart lagt til grunn ved etablering av selskapet.

Endeleg verdivurdering vert gjort per 31.05.2023.

2. AVTALEPARTAR

Avtala er inngått mellom Suldal kommune (SK), organisasjonsnummer 964 979 189 som uttredande eigar og Haugaland brann og redning iks (HBR), organisasjonsnummer 819 585 822 som interkommunalt selskap.

Representantar for avtalepartane er kommunedirektør Karin Dokken for SK og dagleg leiar Dag Botnen for HBR.

For at avtala skal vere godkjent er det ein føresetnad at den er handsama og godkjent i representantskapet for HBR og i kommunestyret i SK.

3. SELSKAPSAVTALE

Det vert vist til selskapsavtala for HBR, herunder:

§ 2-1 Plikt til innskot for deltakarane

Innskot for partane er både selskapskapital- og tingsinnskot. Det er i ettertid også gjort utrekningar for tingsinnskot gjennomført i perioden 2016-2018 og som vert teke med i utrekningar for utløysingssum.

§ 2-2 Eigarandel og ansvarsfordeling

SK har 5 % eigarandel i selskapet. Eigarandelen vert ikkje justert, men det er ved utrekning teke omsyn til SK sine investeringar i perioden 2016-2018.

4. ANLEGGSMIDLAR

SK gjekk inn i selskapet med eit innskot på kr 1 643 569,- som tilsvarar bokført verdi av utstyr, inventar, dataprogram, materiell, køyretøy som SK disponerte på det tidspunkt selskapet vart etablert. I tillegg er det gjort eit kapitalinnskot på kr 172 000,-. I sum utgjør dette kr 1 815 569,- pr 01.01.16.

I perioden frå 01.01.16 til 31.12.18 utførte Suldal ytterlegare tinginnskot/kapitalinnskot i ein Mercedes sprinter, Scania P 450 tankbil og ein Amarak, i sum kr 5 994 222,-. Justert tingsinnskot vert etter dette 7 809 791,- og som utgjør «tak» for utløysingssum.

Tabell 1 i vedlegg 1 syner ei oversikt over anleggspark ved Suldalsosen, Jelsa og Sand brannstasjonar. Selskapet har i medlemsperioden investert i ein liten brannbil (FE) som dekkar kartlagt etterslep for Suldalsosens brannstasjon. Denne vil per 31.05.2023 ha ein rekneskapsmessig balanseverdi på

kr 1 005 624.

VW Amarak RA47885 har ei bindingstid på 3 år som følge av avgiftsfritak. Det må søkast om omregistrering der det vert forutsett at dette ikkje utløysar krav om avgift/mva der det vert vist til prosessen ved verksemdsoverføring frå Suldal kommune til HBR i 2018.

Frå tabell 1 i vedlegg 1 er bokført verdi på bilpark per 31.05.2023 kr 5 913 506,-. Summen inkluderer også Mercedes Sprinter, Scania P 450 tankbil og ein VW Amarak som er teke inn som ein del av tingsinnskotet til SK jf. punkt 2.1. i selskapsavtala.

Det er i medlemsperioden fortløpande kjøpt inn utstyr og materiell til alle stasjonar i selskapet, som:

- Verneutstyr som brannhjelmar, røykdykkarbekledning, hanskar, sko, røykdykkarundertøy m.m.
- Ryggsekkpumper, skogbrannutstyr, slangar m.m.
- Røykdykkarutstyr med masker, meisar, flasker m.m.
- Teknisk utstyr m.m.

Verdi for balanseført utstyr, verktøy, inventar m.m. har utgangspunkt i SK sin eigarandel (5 %) av bokført verdi per 31.05.2023, jf. tabell 2 i vedlegg 1.

Total bokført verdi av anleggsmidlars (køyretøy og utstyr) er per 31.05.2023 kr 6 181 329,-.

Maskinar, verktøy, inventar og utstyr som i dag er på stasjonane i Suldalsosen, Jelsa og Sand vert overdratt til SK.

5. BEMANNING, ORGANISERING OG KOMPETANSE

For å identifisere verdi på før- og no-bilete for bemanning, organisering og kompetanse, er det teke utgangspunkt i kartlegginga som vart gjort før oppstart av HBR, jf. rapport av 07.09.2017.

Det er i vedlegg 2 ei oversikt over bemanning i 2017 samanlikna med 2022. Vidare vert det i vedlegget vist kva kompetanse som er gjennomført i same periode.

Ut frå storleik på kurskostnad og usikkerheit rundt kurs som ikkje kjem fram av vedlegg 2, vert det konkludert med at SK har fått kurs- og kompetansehevande tiltak utover det som fordelingsnøkkel tilseier. Dette vert ikkje teke med utrekning av utløysingssum.

6. PENSJON

HBR har avtale med KLP for sine tilsette som medfører at eigarar av HBR har løpande framtidige kostnader ved pensjonsordninga for noverande og tidlegare tilsette.

SK vil ta ansvar for sin del av dei framtidige pensjonspliktane frå 1.6.2023 som er det tidspunkt SK tar over arbeidsgjevaransvaret. I tillegg må SK betale ein eingongspremie for forventa framtidig tilleggspremie (§ 9, 3 ledd) til sikringsordninga.

For å finne kva innløysingsverdi desse framtidige pensjonspliktene utgjer, er KLP bedt om å utrekne eit avviklingstilskot for selskapet i heilheit. Dette utgjer pr 01.04.2022 inkl. arbeidsgjevaravgift ei utgift på kr 12 732 522,-. Endeleg utrekning vert gjort på uttredenstidspunkt.

Selskapet har p.t. premiefond i KLP på kr 9 034 690,- som SK har eigarandel i.

Innestående i premiefond vert trekt frå på avviklingstilskotet.

Udekka avviklingstilskot vert etter dette kr 3 697 832,-.

Suldal sin gjeldsandel (5 %) er kr 184 892,-.

7. OVERGANGSORDNINGAR

Det er ein føresetnad for avtala at SK kan operere som eit sjølvstendig brannvesen frå og med 1.6.2023 med omsyn til beredskap. Det er i denne samanheng utarbeidd eit brudokument som skildrar kva plikter og oppgåver som vert overdrege til SK. Dokumentet er omforent av partane og oppgåver skal vera utført innan dei tidsfristar som er sett. Sjå vedlegg 3.

8. UTLØYSINGSSUM

SK sin utløysingssum tek utgangspunkt i selskapskapital og justert tinginnskot per 31.12.2018. Utløysingssummen vert korrigert for SK sine framtidige pensjonsplikter og krav til budsjettreduksjon for 2022 (1 %).

Etter selskapsavtala § 2-2 heftar den enkelte deltakar med heile si formue for sin aktuelle eigarandel av selskapet sine samla plikter. SK sin eigarandel er 5%, jr. selskapsavtalen § 2-2.

Etter til IKS-lova § 30 skal det ved uttreden fastsettast ein utløysingssum tilsvarande andelen sin nettoverdi avgrensa til verdien av deltakaren sitt innskot. SK sitt innskot er justert til kr 7 809 791. Utløysingssum per 31.05.2023 vert som følgjer:

Tingsinnskot/kapitalinnskot per 01.01.2016 etter selskapsavtala	kr _____
Tingsinnskot mellom 01.01.2016 - 31.12.2018	kr _____
Avgrensa opp til tingsinnskotet per 31.12.2018	kr _____
Tar omsyn til Suldal sin andel av utdekka KLP avviklingstilskot 5 % (ikkje bokført i vårt rekneskap)	kr _____
1 % krav i reduksjon i ramma samt utestående gjeld som følgjer overført køyretøy	
Bokført verdi vert tilbakeført til Suldal samla anleggsmidlar per 31.05.2023	kr _____

SK sin andel av bundne fond (5 %)	kr _____
UTLØYSINGSSUM	kr _____
.... skal betale	kr _____

Oppstillinga er revidert med endelege tal etter revidert årsoppgjer per 31.05.2023.

SK overtar samtlege rettar og plikter knytta til dei eigardelar som vert teke ut der det vert spesielt nemnd at køyretøy SD 96285 er lånefinansiert.

Eventuelle omkostningar knytta til uttrede skal dekkast av uttrede kommune.

9. LOVVALG OG VERNETING

Partane sine rettar og plikter etter denne avtale har Haugaland og Sunnhordland tingrett som verneeting.

10. UNDERSKRIFT

Avtala har to originaleksemplar, der partane har eit eksemplar kvar.

Suldal, 06.12.2022

Karin Dokken Aasli

Suldal kommune
Karin Dokken
kommunedirektør

Dag Botnen

Haugaland brann og redning iks
Dag Botnen
dagleg leiar

11. VEDLEGG

- 1 Anleggspark (køyretøy og balanseført utstyr)
- 2 Bemanning, organisering og kompetanse
- 3 Brudokument - oppgåver som skal løysast av partane

Vedlegg 1 - Anleggspark (køyretøy og balanseført utstyr)

Suldalsosen, Jelsa og sand brannstasjon:

Stasjon:	Reg.nr.:	Modell:	Merke:	Namn:	Kostpris	Akk avskrivning 31.05.22	Bf verdi 31.05.2023
Suldalsosen	SD96285	16.10.20	Ford Ranger FE	L 86	1 143 837	138 214	1 005 624
Suldalsosen	SD50040	25.02.10	Citroen Berlingo	L ADM 2	184 120	184 120	-
Jelsa	SC86323	27.06.97	Mitsubishi	L78	645 050	645 050	-
Jelsa	RA5360	08.03.94	Mercedes Benz	RES 2	1 300 000	1 300 000	-
Sand	DH50813	05.04.95	Toyota	H58	130 000	130 000	-
Sand	SD49767	2010	Citroen Berlingo	TEK 1	190 520	190 520	-
					3 593 527	2 587 904	1 005 624
Kjøpt etter 2016:	RA 46136	2017	Mercedes sprint		1 250 000	338 542	911 458
	RA 47636	2018	Scania P 450 – tankbil		4 103 004	906 079	3 196 924
	RA 47885	2019	Amarok		641 218	109 541	531 677
Sum kjøpt etter 2016					5 994 222	1 354 162	4 640 059
Utstyr							267 823
Sum verdi 31.05.2023							5 913 506

Tabell 1: Anleggspark per 31.05.2023 – Suldal kommune.

Bokført verdi pr 31.12.2021	Maskinar, verktøy, inventar og utstyr	Avskrivning 2022/2023:	Bokført verdi 31.05.2023	Suldal sin andel
Bokført verdi 01.01.2022	6 240 527	-884 075	5 356 452	267 823
Økonomisk levetid	10 år			

Tabell 2: utstyr

Vedlegg 2 – Bemanning, organisering og kompetanse

Tabell 1 viser kompetanse for mannskap i 2017 og i 2022. Tabell 2 viser eit samla kompetanse i perioden for heile selskapet og SK sin andel av dette.

	2017	2022	tekst
Utrykningsleiing inkludert grunnkurs	7:9	10:10	Det er fleire med kompetanse enn dei som går vakt. 2 utrykningsleiarar har fått kurs i HBR.
Grunnkurs	10:18	14:18	Til saman har 6 mannskap fått kurs i HBR.
Førarkort kl. C	18:28	20:28	-
Førarkort kl. 160	13:28	20:28	-
Røykdykkarar	13:28	19:28	6 røykdykkarar har fått kurs i HBR.

Tabell 1: kompetanseoversikt for alle tilsette

		Deltakarar	Ut frå fordelingsnøkkel	Differanse	Timar	Kurskostnad utover det fordelingsnøkkel tilseier
GRUNNKURS	63	7	3,15	3,85	770,00	269 500
UTRYKNINGSLEIARKURS	28	2	1,4	0,60	120,00	40 200
KLASSE C (lastebil)	56	10	2,8	7,20	288,00	489 600
KODE 160 (blålyslappen)	44	4	2,2	1,80	144,00	111 600
RØYKDYKKARKURS	69	11	3,45	7,55	181,00	181 200
					1 503,00	1 092 100

Tabell 2: oversikt over samla kompetanse i selskapet

Ut frå storleik på kurskostnad og usikkerheit rundt kurs som ikkje kjem fram av tabell, vert det konkludert med at SK har fått kurs og kompetansehevande utover det som fordelingsnøkkel tilseier.

Vedlegg 3 – Brudokument - oppgaver som skal løysesast av partane

Innhold	Oppgaver til Suldal kommune	Ansv.	Status SK	Oppgaver til HBR	Ansv.	Status HBR
SYSTEM						
Bliksund:	Det etableres eget system for hms-system samt system for drift, vedlikehold og ettersyn av kjøretøy, utstyr og stasjoner f.o.m. 1.6.2023.			Overlevere rådata fra FDV/Bliksund i csv-format eller annet etter avtale. Innhold tilhørende Suldal deaktiveres innen 1.6.2023.	RL	
Hjemmeside	-			Hjemmeside oppdateres med tanke på eier og annen relevant informasjon med virkning fra og med 1.6.2023.	SM	
Facebook	-			Ansattside oppdateres med rette ansatte med virkning fra og med 1.6.2023.	LL	
Abonnement	Vurdere abonnement for tidsskriftet Brannmannen			Si opp abonnement for tidsskriftet Brannmannen med virkning f.o.m. 1.6.2023.	DB	✓
BRIS:	Suldal oppnevner kontaktperson og tar kontakt med DSB for å opprette ny bruker.			HBR avslutter rapportering fra og med 1.6.2023. Alle brukere tilknyttet Suldal fjernes fra hbr sin innlogging	DB OW	
Bjørnis	-			Bjørnis-lisens justeres ut fra nytt innbyggertall.	OMN	
Forsikring innbo	Etablere forsikring for innbo og kjøretøy med virkning f.o.m. 1.6.2023.			Forsikring av innbo og kjøretøy blir sagt opp med virkning f.o.m.1.6.2023.	SK	
Gebyrregulativ	Suldal etablerer eget gebyrregulativ (tjenester og gebyr)			-	-	
Programvare og ikt:	Det inngås driftsavtaler på pc'er og programvare innen 1.6.2023.			Driftsavtale og abonnement på programvare sies opp med virkning f.o.m. 1.6.2023.	LL	
Samarbeidsetater informeres om endring				SWV, helse, politi, nabobrannvesen, DSB/NBSK, SNLA, IUA, statsforvalteren (FM), Statnet, Statkraft, Haugaland kraft, firma som vi kjøper produkter eller mottar tjenester fra informeres om endring. Det utformes et felles informasjonsskriv.	DB	
Samarbeidstale med nabobrannvesen	Suldal inngår avtaler med samarbeidspartnere ut fra behov.			-	-	

FOREBYGGENDE		
Arkiv: saksbehandling fra tilsynsobjekter og feiling og tilsyn)	Utpeke kontaktperson til å motta dokumenter (tilsyn, feiling m.m.) tilhørende Suldal og sikre mottak innen 1.6.2023.	OMN
Feiling og tilsyn	Etablerer tjeneste for feiling og tilsyn fra og med 1.6.2023.	OMN
Særskilte brannobjekt: Oversikt særskilte brannobjekt m/nøkkelinfo, tilsynsrapporter m/saksoppfølging	Utpeke kontaktperson til å motta dokumenter innen 1.6.2023.	OMN
Farlig stoff Tilsynsaktivitet, meldings- /søknadsprosesser	Utpeke kontaktperson til å motta dokumenter og evt. orientering om aktuelle tiltak/prosesser innen 1.6.2023.	OMN
BEREDSKAP		
Alarmanvtale alarmselskap	Suldal inngår avtaler med alarmselskaper om dette ønskes.	SK
ABA næring	Inngå nye avtaler med bygningseiere innen 1.6.2023	OMN
Avtale om nødmeldetjeneste mellom brannvesen og 110	Suldal må inn gå avtale om nødmeldetjeneste med 110-sentralen som part.	DB
Ledelsesstøtte - gjensidig avtale mellom by	Suldal vurderer om å bli med i avtalen	DB

Eksponering:		Dokumentasjon (utrykningslister) på eksponering ved utrykninger overføres Suldal. Rådata fra eksponeringsmodul i Bliksund overføres i csv-format	MS
Nødnett abonnement	Fremskaffe kontaktperson i Suldal og inngå avtale om overføring av abonnement og driftsavtale (signert bestilling). Skjema som skal benyttes er: Skjema	Sende melding til BDO/DSB om ny part (Suldal) og be om at deres andel av abonnementet overføres fra 1.1.2023. Liste sendes SK (vedlegg 2)	RL
UMS	Det meldes inn til 110-sentralen om nye brukertilganger for UMS.	-	DB
Nøkkelsafe:	Vurderer om de ønsker å omprogrammere nøkkelbokser.	Opprettholder gjeldende ordning.	MS
Vision boss:	Fremskaffe kontaktperson i Suldal for oppfølging av vaktplaner m.m. og be 110-sentralen om å opprette brukertilganger f.o.m. 1.6.2023.	<p>Sende melding til 110 om endring i brukertilganger innen 1.5.2023.</p> <p>Bestille endring av alle responser der L01 skal endres, samt der G09 tas bort fra SK sine stasjoner.</p> <p>L01-håndterminaler tas bort i maler for Suldal og Skånevik, samt endres i alle iverksatte planer i Vision boss.</p> <p>Maler tilhørende stasjonene L1 og L2 slettes i Vision boss</p> <p>Ny mal må lages for L301, og denne må iverksettes for alle stasjoner i Vindafjord og Suldal.</p> <p>For alle håndterminaler som er iverksatt for en periode etter 31.05.2023 må de slettes manuelt på alle ressurser hos L1 og L2.</p>	<p>OW</p> <p>OW</p> <p>OW</p> <p>OW</p> <p>OW</p> <p>OW</p> <p>OW</p>
Kallesignal	Avklare med 110-sentralen sin del av sambandsreglementet.	<p>Avklare med 110-sentral om nye kallesignal. HBR tar i bruk L301 som en erstatning for L01.</p> <p>Omprogrammere kjøretøy som en konsekvens av endringen. Tilhørende håndterminal L301 må også omprogrammeres.</p> <p>Merking av kjøretøy (L301)</p>	<p>DB ✓</p> <p>RL</p> <p>RL</p>

Talegruppe i nødnett	Suldal tildeles ny talegruppe etter avtale med 110.	HBR/Vindafjord opprettholder TG 23. Se vedlegg 1.	OW
LOGISTIKK			
Adgangskort og nøkler:	Deaktivere de kort som HBR ikke skal ha tilgang til f.o.m. 1.6.2023.	HBR makulerer sine kort innen 01.06.2023. Eventuelle nøkler leveres inn.	RL
Coop kort	Etablere ordning for detaljhandel innen 1.6.2023	Deaktiverer Coop-kort f.o.m. 1.6.2023.	RL
Omregistrering:	Suldal må avklare med SVV om fritak for omregistreringsavgift (virksomhetsoverdragelse) Videre må det ordnes med forsikringer på kjøretøyene før HBR sender salgsmelding.	HBR (RL) sender en oversikt med registreringsnummer på kjøretøy som vil bli overført. HBR (RL) sender melding om eierskifte via SVV innen 1.6.2023	RL RL
Drivstoffkort:	Etablere ordninger for fylling av drivstoff innen 1.1.2023.	Deaktiverer drivstoffkort f.o.m. 1.1.2023.	RL
Dekkavtale:	Finne ordninger internt for dekkskift innen 1.6.2023.	Revidere avtale med dekkskift med ekstern part. Dekk tilhørende kjøretøy legges igjen på brannstasjonene ved dekkskift høst 2023.	RL
Bombrikker	Etablere avtale for bombrikker i kjøretøy fra og med 1.6.2023.	Deaktiverer brikkene i kjøretøy som overtas av Suldal f.o.m. 1.1.2023.	RL
Logge ut RD utstyr fra Questor	Etablere ny kontroll og vedlikeholdsrutine innen 1.6.2023	Logger ut de settene Suldal skal ha fra ressursstasjonen og kjøpe ut og bytte disse på stasjonene innen 1.6.2023	RL
Reserveutstyr / lager:	Ingen tiltak	Leverer ut Suldal sin andel av ressurslager innen 1.6.2023.	RL
SIM kort kjøretøy/nettbrett	Bestille SIM-kort klare til bruk f.o.m. 1.6.2023	Oppsigelse av abonnement for SIM-kort f.o.m. 1.6.2023.	RL
Veiledere, brosjyrer hbr	Suldal etablerer fortløpende egne brosjyrer ut fra behov.	Tekst justeres der Suldal er nevnt og nye brosjyrer tas i bruk f.o.m. 1.6.2023	Alle